

# Invitasjon til KONFIRMASJON I Fræna 2019-2020

~ Bud ~ Hustad ~ Myrbostad ~ Vågøy~



DEN NORSKE KYRKJA  
Kyrkja i Fræna

Vi viser til brosjyren utgitt av Kyrkjerådet; «Konfirmant 2020», som skal vere sendt ut til alle ungdommar fødde i 2005 som er medlem eller tilhøyrande i Den norske kyrkja, og inviterer med dette til konfirmasjon i kyrkjene i Fræna 2020.

For mange er det ei sjølvfølgje å velje konfirmasjon i kyrkja, andre må tenkje meire over det. Vel du å vere konfirmant her håpar vi på å gje deg litt nyttig «bagasje» som du kan ha med deg vidare gjennom livet. Det vi ønsker av deg som konfirmant er at du er motivert for å lære meir om den kristne trua og at du deltek aktivt i opplegget vi har.


Val av konfirmasjon handlar ikkje først og fremst om kva for svar du har funne, men om kva for spørsmål du har. I kyrkja er det rom for både tvil og tru, usikkerheit, undring og ulike meningar.

### **Dette er hovudmomenta i konfirmantopplegget vårt her i Fræna:**

- \* 7 temasamlingar.
- \* Pilegrimsvandring.
- \* Konfirmantleir på Frænabu.
- \* Kirkens Nødhjelps fasteaksjon (årleg innsamlingsaksjon i regi av Kirkens Nødhjelp)
- \* 8 gudstenester mellom anna: Lysmesse, presentasjons-, samtale- og konfirmasjonsgudsteneste

Temasamlingane er på ettermiddag/kveldstid i kyrkja/på bedehus.

I Myrbostad deler vi i fleire grupper. Nokre blir rett etter skuletid på Elnesvågen bedehus og nokre på kveldstid i kyrkja. Vel kva du ønskjer ved påmelding.



### **Konfirmanttid for alle!**

Vi vil at konfirmanttida skal vere for alle, uansett!

Er du redd for at du ikkje passer inn? Det gjer du!

Men nokon treng kanskje litt ekstra tilrettelegging, og da er det fint om de seier kva vi kan gjere for at konfirmanttida skal bli best mogleg for deg.

## Dåp og konfirmasjon

Konfirmasjon betyr å bekrefte. Når du vel kristen konfirmasjon blir løfta du fekk gjennom dåpen bekrefte:

- At du er omslutta av Guds kjærleik
- At du er ein del av kyrkja

Er du ikkje døypt? Du er velkomen til å delta i konfirmantopplegget sjølv om du ikkje er døypt, men dåpen er ein føresetnad for å delta i den avsluttande forbønns gudstenesta. Du kan bruke konfirmasjonstida til å sjå om du vil bli døypt og konfirmert

### **For påmelding:**

→ Vi har elektronisk påmelding. Gå inn på heimesida vår [www.frana.kyrkja.no](http://www.frana.kyrkja.no) og klikk på konfirmant (meny øvst på sida) og konfirmantpåmelding.

**Påmeldinga opnar 29.mai kl 17.** Det er først-til-mølla-prinsippet for å få den konfirmasjonsdagen ein ønsker seg der det er fleire. **Påmeldingsfrist: 21.juni.**

→ Det er viktig at dei telefonnummera og e-postadressene de gir opp er rett og i bruk, då vi brukar dei til å sende ut informasjon i løpet av året.

→ Har du IKKJE høve å gå inn på nettet, men treng påmeldingsskjema som du fyller ut manuelt, ta kontakt med kyrkjekontoret.

→ Konfirmantavgifta er på **kr. 1200,-** og er med på å dekkje bl.a. konfirmantbibel, leir og anna materiell konfirmantane får. Om det er vanskeleg å betale, har vi ordningar for støtte gjennom sokneråda. Ta kontakt.

→ I løpet av konfirmanttida må foreldre rekne med å stille opp som vakt på konfirmantleir, kakebaking, køying på fasteaksjon, hjelpe til med kappeprøving eller anna.

### **Har de spørsmål?**

Stikk innom på kyrkjekontoret

Opningstid: tysdag 12-15, onsdag og torsdag 10-15

Ring 71 26 66 70

Eller send ein e-post til

[kyrkjekontoret@hustadvikamenighet.no](mailto:kyrkjekontoret@hustadvikamenighet.no)

## Følgjande program er på plass for konfirmantåret:

Det kan bli nokre endringar

Kva	Bud	Hustad	Vågøy	Myrbostad
Opningsamling m/ infomøte for både konf. og foreldre	5.sept kl.18.00	29. aug kl.18.00	3.sept kl.18.00	28.aug kl.18.00
Presentasjonsgudst	8. sept kl.11.00	1.sept kl.11.00	8. sept kl.11.00	1.sept kl.11.00
Pilegrimsvandring	8.sept	1.sept	8.sept	1.sept
Lysmesse	1.desember kl.16.00	1.desember kl.19.00	8.desember kl.16:00	8.desember kl.19:00
Konfirmantleir	27.-29.september			17.-19. januar
Fasteaksjon	Felles for alle: 31.mars			
Samtalegudsteneste	19.april	Dato kjem	19.april	23.april
Konfirmasjon	2. og 3.mai	21.mai	3.mai	2., 9. og 10.mai

Resten av programmet får de ved oppstart.

Vi håpar vi skal få eit fint år saman, der vi kan bli betre kjend med oss sjølv, kvarandre, Gud og kyrkja.

# Velkommen som konfirmant!



[www.frana.kyrkja.no](http://www.frana.kyrkja.no)